



Uskedal musikklag framførte musikk frå repertoaret til Frelsesarmeen.

Det vart ei rettlegg triveleg stund på Rosendalstunet i går då Uskedal helselag, Uskedal musikklag og Rustne Menn stod for programmet på Syng med oss. Besøksvenene med Aud Amundsen i spissen helsa velkomen. Etter det var det uskedalingane sin tur til å fylla tida fram til kl.18 med program og matserving.

Uskedal musikklag framførte mellom anna marsjar og songar frå den rike musikkskatten til Frelsesarmeen. Det vart godt motteke. Song- og musikkgruppa Rustne Menn hadde vald ut vårsongar, alt frå Nordaførr - vårvisen til Skjæraasen si Trubadurvisen. Best song var det faktisk på Stein Ove Berg: Kommer nå.



Medlemer i Uskedal helselag stod for all mat og servering. Dei heimelaga mjøkekakene er eit varemerke der Helselaget er med på arrangement. F.v: Inger Moberg, Marit Hauge, Selma Eik, og Astrid Hauge.

Det var Uskedal helselag sin dag på Rosendalstunet. Musikklaget og Rustne Menn nytta høve til å vera med. Helselaget gjestar til vanleg sjukeheimen to - tre gonger i året. Då har dei med mat og står for all servering. Dei heimelaga mjølkekakene smakte godt. Ofte er dei laga av Selma Eik. I går fekk vi smaka Astrid Hauge sine mjølkekaker.

Loddsalet gjekk strykande. Ein omgang der alle årane var utselde må seiast å vera ei god sak og gode inntekter til besøksvenene.

Tekst: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland/Kristian Bringedal

Nett: Kristian Bringedal



Svein Rimestad, Tore Nordahl Pedersen og Kristian Bringedal var ansvarlege for Syng med oss.